

PIT PARION

Kultur er livet, og livet er kultur

Som førskulelærar har eg arbeidd med barn og unge i barnehage og skule heile mitt yrkesaktive liv. Samstundes har eg hatt gleda av å vera friviljig deltakar og tilretteleggjar innan kulturtildelning for same aldersgruppa. Nyleg hadde eg ein samttale med ein kulturskule-rektor over emnet barn og kultur. Med eitt seier han: «Vi er heldige som får arbeide med kultur.»



TORILL SPERRE ER:
Førskulelærar/fagleg rettleiar og kulturarbeidar.

Dette tykkjer eg var godt sagt, og kan stå som uttrykk for ei haldning til kulturarbeid som lett kan verte borte i ein kvar dag fylgd med oppgåver og utfordringar på godt og vondt.

I Rammeplanen for barnehagen (2006) er barnehagen si rolle som kulturarena understreka, og vektlagd sterkare enn tidlegare. Det tyder mellom anna at førskule-

læraren si rolle som kulturformidlar har fått større tyngde, og det krev at vi som arbeider i barnehagen må ta standpunkt til kva vektlegginga av kultur må føre til i vår barnehage.

Stutt sagt kan kulturarbeid i barnehagen handle om kultur av, med og for barn. I det daglege gjør vi kulturelle val på vegne av barna, noko som krev kulturell kunnskap og bevisstheit. Faglege grunngjevingar må styre dei vala vi gjør. Formidling er ei side ved førskulelæraren si kulturelle yrkesrolle, ei anna side er å gje barna høve til varierte opplevelingar og leggje til rette for at dei sjølv kan vere aktive og skapande. Dette omfattar også den kulturen barna skapar seg i mellom.

Kulturaspektet i barnehagen kan og bør famne vidt, og taka utgangspunkt i føresetnadene til dei barna vi skal arbeide saman med.

Etter kvart har vi fått fleire barnehagar som vel sin eigen profil, til dømes kulturbarnehagar. Kulturbarnehage er sjølv sagt ikkje noko eintydig

omgrep. Og slik må det vere, då kvar barnehage må starte med sitt utgangspunkt for kva kultur vil seie for barna og leiken og læringa deira.

Eit døme på natur- og kulturbarnehage finn vi i Hornindal kommune.

Det er no sju år sidan Hornindal barnehage (Sogn og Fjordane) gav ut boka *Klare sjølv. Kokkar små med kopp og skei*. Barna, dei tilsette, foreldra, ja, heile bygda hadde i mange år vore særskilt opptekne av mat og matkultur. Og etter år med såing, planting, hausting og matlagning både innandørs og utan-dørs vart boka ein realitet. Boka er seld i 17 000 eksemplar i inn- og utland.

Boka er ei kokebok for barn, men samstundes kulturell dokumentasjon og eit godt døme på kulturformidling, identitet og tradisjonar.

Kultur handlar om det å vere menneske og korleis vi ynskjer at livet skal vera. Som den før omtala kulturskole-rektoren la til: «Det er dette som er livet.»

Pirion
- kulturavis for barnehagar og skular

nr. 8 - 2009

LES FOR MEG!

Illustrasjonen er henta frå boka *Finn!* av Gyrid Axel Øvsteng og Per Ragnar Møkleby.

- Isbjørnen Torbjørn frys, lurer på om han er ein ekte isbjørn. - Tonje Glimmerdal er det einaste barnet i Glimmerdalen. Bestevennen hennar er ein gammal staur som heiter Gunnvald. Han er 74 år og sauebonde - Det er ikkje så mange barnebøker der me får fylgja hovudpersonen frå vinter fireåring til sengeliggjande eldre mann. Men det får me i boka «FINN!».

Ole Brum,
Ola Tveiten eller Barbie,
kor hentar barna
opplevelingar frå?

Pirion -kurs Les meir på www.pirion.no



Den aller beste ting

Gyrid Axel Øvsteng og Per Ragnar Møkleby
Samlaget 2009

Det er ikkje så mange barnebøker der me får fylgia hovudpersonen frå vilter fireåring til sengeliggjande eldre mann. Men det får me i boka «FINN!», som handlar om – nettopp – Finn, og etterkomarane hans.

Finn er også ordspillet boka bygjer på – Finn si oppgåve er å finna. Og det han skal finna er ikkje noko mindre enn Den Aller Beste Tingen. Til hjelp har han toget sitt, som fylgjer med gjennom heile boka. Dette toget kan gå både i luft og på sjø, og Finn finn mykje fint med toget. Men finn han det aller beste?

Då boka byrjar er Finn fire år og kører tog på leitinga si. Så er han åtte og leitar etter Den Aller Beste Tingen i bøkene. Som attenåring har han flytta for seg sjølv, og det er det mykje bra med, men...? (Femåringen her i huset festa seg mest ved at Finn på dette stadiet et så mykje snop han vil, utan å spørja foreldra om lov.)

Så vert Finn sjølv far, men det skjer seg mellom han og sonen Vesle-Finn. Ikke likar han tog, og ikkje likar han å reisa. For å skjøna seg på sonen prøver Finn å koma seg inn i hovudet på han – heilt bokstavleg – men må gje det opp. Neste gong møter me Finn som gamal og sjuk 60-åring, og då dukkar berginga opp i form av barnebarnet Bittevesle-Finn. Dei to tek ut på tur med det gode, gamle toget – og sjå om ikkje alle brikkene då fell på plass.

Boka er såpass surrealistisk og underleg at ingen ting av handlinga vert opplagt eller keisamt. Dei yngste lesarane kan mora seg over overdrivingar og merkelege påfunn, sjølv om det kanhenda kan vera vanskelegare for dei å sjå tråden i ei tradisjonell historie. Den vaksne lesaren vil sjå mange tema i boka: tilhøvet mellom fantasi og realisme, tilhøvet mellom far og son, om å leita etter mening. Så ein kan nyttja boka til å koma inn på slike emne, om ein skulle ynska det.

Boka er ei biletbok i den forstand at bileta fyller langt meir av sidene enn teksten. Illustrasjonane gjev boka eit sær preg, og mykje av praten med dei yngste vil handla om teikningane.

Denne boka trur eg vil gjera lukke til høgtlesing for ungar frå 3-4 år og oppover. Dei små vil også ha glede av å sjå på teikningane på eiga hand.

«Finn!» er laga av Gyrid Axe Øvsteng og Per Ragnar Møkleby og kom på Samlaget no i 2009. Boka er på 40 sider.

Øystein Skjæveland

Tonje Glimmerdal


Maria Parr
Illustrert av Åshild Irgens,
Samlaget 2009

Under dyna heime hjå oss ligg to gutar. Den eine vert fem år til jul og den andre er nett fylt ti. Regnet hamrar på taket. I det skrå skinet frå nattbordlampa ser vi kartet på innsida av permen i den nye boka. Vardetind, Glimmerhornet og Veslehammaren rammar inn Glimmerdalen med Gunnvald sin gard og Tonje sin gard.

Sommarfjøsen og huset til Sally. Elva vert breiare ned mot Hagen helsecamping. Heilt nede ved fjorden ligg trygdebustadane, kaia og kiosken. Det er 11 km til Barkvika og 63 km til byen. No blar vi om og reiser til Glimmerdalen i lag.

Tonje Glimmerdal er det einaste barnet i Glimmerdalen. Bestevennen hennar er ein gammal staur som heiter Gunnvald. Han er 74 år og sauebonde. – Det er min santen eit sørgeleg utval vi har her i Glimmerdalen, tenker Tonje i sine tunge stunder. Men inst inne veit Tonje at Gunnvald hadde vore bestevennen hennar om det så budde ti år gamle barn på kvar einaste tue i heile dalen. – Kva skulle du gjort utan med Gunnvald?, spør Tonje ofte. – Då hadde eg grave med ned og sjølv-dauda, svarar han.

I den nye boka til Maria Parr er ramma for forteljinga det som hender i Glimmerdalen frå vinterferien til påskeferien dette året då Tonje snart skal fylle ti år. Det skal testast heimesmidde rattkjellar, takast salto frå Vardetinden, lamma skal komme og Gladiator må flyttast opp i sommarfjøsen. Her trengst det fart og sjølvtillit! Men det skal også komme eit brev om noko hemmeleg, noko stort som trugar med å øydeleggje det gode livet i Glimmerdalen for alltid. Om det ikkje var for Glimmerdalens vesle dunder.



Det er så mykje godt å seie om denne forteljinga. Spennande og morosam. Ei herleg høgtlesingsbok. Tidlaus og klassisk. I fin dialog med andre tøffe jenter i barne-litteraturen, som Heidi i Alpane og Pippi i Ville Villekula. Men kanskje er det viktigast at den også er alvorleg. Personane har sterke og svake sider.

– Vaksne gjer mykje dumt, Tonje, det skulle vel eg vite, her eg sit og er full på ein tysdag føremiddag, seier gamle Nils nede på trygdebustadane. – Men det er ein viktig ting: Nils bankar fingeren ned i kneet på Tonje då han seier det, som om han vil stemple orda inn i henne: Det – er – aldri – barna – sin – feil!

– Det er ikkje lov å ta motet frå ungane, seier Maria Parr. – Det er alltid håp.

Janne Karin Støylen



Torbjørn Isbjørn

Titus Kodzoman og Anne Angelshaug

Langt mot nord bur Torbjørn og alle dei andre isbjørnane. Men Torbjørn er ikkje heilt som dei andre isbjørnane, han frys nemleg. Dermed startar ei lang ferd for å finne ut om Torbjørn eigentleg er den isbjørnen han trudde han var. Her er mange spørsmål og mykje undring.

Dette er ei lun, varm og humoristisk historie om det å vere litt annleis. Dei fleste vil kjenne seg att når Torbjørn føler at han ikkje passar heilt inn. Dei fleste har også somme tider vore usikre på kven dei eigentleg er.

– Bestemor, du som veit alt, er eg ein ekte, skikkeleg isbjørn? Torbjørn er usikker på det meste, men råd er det å finne hjå dei som er rundt han.

Illustrasjonane til Anne Angelshaug er levande og ber historia framover. I denne boka er det dei store og fargerike teikningane som står i sentrum, dei gir djup til forteljinga og gir også dei minste lesarane ei større lesaroppleving.

Boka skaper ein god atmosfære som mange vil like.

Judith Sørhus Litlehamar

Stankelbeinskrift

Mary Bente Bringslid,
Samlaget 2009

Her får du leikne vers og dikt som eignar seg godt for høgtlesing eller leik. Me les om kaffibesøk hjå bestemor, klappstolen Klappe, stankelbein og om hausten. Versa er varierte, her er alt frå humor og alvor, moral og til levande skildringar. Nokre av versa kan kanskje vere litt svevande eller vanskelege å forstå for dei minste.

Men alle kan høre musicaliteten i versa, og kanskje er det spanande sjølv om ein ikkje alltid forstår alt. Truleg vil det bli nokre spørsmål frå dei minste om kva diktat betyr. Dette er boka for undring og samtal. Langt mot nord bur Torbjørn og alle dei andre isbjørnane. Men Torbjørn er ikkje heilt som dei andre isbjørnane, han frys nemleg. Dermed startar ei lang ferd for å finne ut om Torbjørn eigentleg er den isbjørnen han trudde han var. Her er mange spørsmål og mykje undring.

Diktat har eit enkelt oppsett, fleire av versa har også grafiske grep som bygger opp under handlinga. Diktet Skapingar I handlar om ein nesten usynleg fugl og er forma som venger som fyk gjennom lufta. Slike grep gjer boka kjekk å ikkje berre lese i, men også kikke i.

Dette er ei varm historie der forfattaren klarer å vere nær utan at det blir klisjefylt. Øyvind Torseter har gitt boka enkle, men utrykksfulle illustrasjonar. Den leikne streken fører oss gjennom historia saman med dei varme og glødande fargane. Likevel kan kanskje nokre av sidene bli litt vel mørke for dei minste barna. Det kan vere godt å ha nokon vaksne til å forklare kva som skjer undervegs. Kanskje er det også nokre barn som vil kikke ekstra godt i handa si etter at dei har lese Spelejenta?

Judith Sørhus Litlehamar



Spelejenta

Jon Fosse og Øyvind Torseter
Samlaget 2009

Jon Fosse er ute med ny barnebok. Denne gongen om ei synsk lita jente som tek fela med seg og legg ut på ei ferd for å finne og trøyste faren som sit åleine på ei øy.

Alt saman ser ho i handa si. Dette er ei rørande historie om ei lita jente som møter mange utfordringar på vegen før ho finn faren sin att. Fosse har ei magisk evne til å fortelje så levande at barnet kan leve seg inn i historia og sjølv vere med jenta på oppdagingsferd.

Historia har også fleire trekk frå eventyret. Jenta har sin eigen løyndom, ho ser magiske ting i

handa si, og oppdagingsferda hennar kan godt minne om Askeladden på tur. Ein skal heller ikkje gløyme fela, musikken spelar ei viktig rolle som verkemiddel i forteljinga. Den bind handlinga saman.

Dette er ei varm historie der forfattaren klarer å vere nær utan at det blir klisjefylt. Øyvind Torseter har gitt boka enkle, men utrykksfulle illustrasjonar. Den leikne streken fører oss gjennom historia saman med dei varme og glødande fargane. Likevel kan kanskje nokre av sidene bli litt vel mørke for dei minste barna. Det kan vere godt å ha nokon vaksne til å forklare kva som skjer undervegs. Kanskje er det også nokre barn som vil kikke ekstra godt i handa si etter at dei har lese Spelejenta?

Judith Sørhus Litlehamar



Revehiet barnehage Oisann

Siv Widerberg og Cecilia Torudd
Omsett frå svensk av Sigmund Løvåsen, Samlaget 2009

Ein sein ettermiddag i Revehiet barnehage vert barna uvenner. Dei kranglar og slåst, og alt er berre dumt. Ikkje så uvanleg kanskje?

Men kva gjer ein når alle er trøtte? Kva kan dei vaksne gjere? Petter og Hilde i Revehiet barnehage veit råd; dei hentar Harriet som kjem med verktøykassen sin. Ein stor madrass på veggen må vere mykje betre å slå på, meiner dei.

Historia er lett å kjenne seg igjen i. Kven har ikkje opplevd at tolmodet renn ut og ein berre har lyst til å skrike og slå? Løsingane som kjem fram, er også lettint og gode. Her kan borna slå på puter og madrassar i staden for kvarandre. Men kanskje vert boka litt langdryg. Det går

lang tid mellom dei ulike episodane, og løsingane vert kanskje litt vel like? Så mange episodar kan også gjere handlinga litt vanskeleg å følgje med i.

Dette handlar om å løye kvardagen sine utfordringar og om korleis vennskap kan bestå, sjølv om ein ikkje alltid er samde om alt. Det vil vere lett å finne historier frå barnet sin eigen kvardag som passar til temaet. Teksten er i ein pedagogisk tone utan at det nødvendigvis skremmer lesaren.

Tekningane er enkle og realistiske og gir eit godt bilet av handlinga. Kjekt er det også at personane er representerte i omslaget på boka, slik at borna lettare kan bli kjende med dei mange karakterane.

Judith Sørhus Litlehamar



Eventyrboka

Skald 2009

Mange hugsar nok Godnattboka som Skald gav ut i 2007. No kjem oppfylgjaren, Eventyrboka.

Eventyrboka inneheld 19 nyskrivne nynorske eventyr. Nokre av forfattarane har laga moderne versjonar av klassiske eventyr, medan andre har skrive nye. Eventyra passar både for høgtlesing og eigenlesing. Dei yngste lesarane vil nok ha mest glede av dei første eventyra, utover i boka vert dei nemleg litt meir avanserte og passar betre for dei eldste barna.

Her kan ein lese om korleis ein jaktar gnu, om stemma som vart borte, om dronninga i berget blå, og om Kladden som ingen kunne målbinde. Blant dei som har bidrege med eventyr, er kjente forfattarar som Erna Osland, Einar Økland, Helga Gunerius Eriksen og Ingelin Røssland.

Illustratør Gunvor Rasmussen har ein heilt eigen strek og eit unikt uttrykk som gir desse bøkene sær preg. Dei enkle strekteikningane gir også boka eit eige eventyrpreg og bygger dermed godt opp under handlinga.

Barna vil truleg gle seg over dei velkjente rammene rundt eventyret, samstundes som dei vil oppleve dei oppdaterte og nye eventyra som spandrane. Mange av eventyra har også framleis med seg dei gode gamle historiene som barna

kjenner så godt. Men no må dei kanskje leite litt før dei kjerner alle personane att.

Alt ligg til rette for at Eventyrboka vil få den same suksesen som Godnattboka fekk.

Judith Sørhus Litlehamar



